



Kjære, konfirmant m/føresette

INNBYDING TIL KONFIRMASJONSTID

Kyrkjene i Sykkylven ønsker velkommen til konfirmantåret 2024/2025. Vi startar med informasjonsmøte for føresette og konfirmanten den 28. august, kl. 18, oppe i kyrkjerommet.

Rett etter møtet vert det høve til individuelle samtalar (15 min) med føresette og evt. konfirmant. Vi ynskjer å verte litt kjent og evt. avklare om det er noko som vi må tas omsyn til eller legge til rette for i konfirmanttida?

Weekend på Fjellseter Ungdomssenter i september/oktober

I år vert det tre leirar med litt ulikt innhald, truleg musikk, misjon og friluftsliv. Korleis det fordelar seg veit vi ikkje enno. Det vert derfor ei eiga påmelding til desse i frå 29. august til 3. september. Informasjon om den einskilde leiren vert gitt på foreldremøtet.

Desse helgane vert det leir:

20. – 22. sept.

27. sept. – 29. sept.

4. okt. – 6. okt.

Leir og samlingar er obligatoriske. Det er berre sjukdom og særskilte grunnar som vert rekna som gyldig fråvær.

Ved konfirmantleiren vert føresette satt opp på ulike oppgåve/vakter. Meir info kjem.

Presentasjonsgudsteneste

20. oktober i Ikornnes kyrkje.

27. oktober i Sykkylven kyrkje.

Konfirmantane vert ropt opp med namn, og kjem fram til alteret. Dei skal ikkje gjere nok.

Konfirmasjonsdatoar og påmelding

Sykkylven kyrkje

Laurdag 3. mai kl. 11.00

Søndag 4. mai kl. 11.00



Laurdag 10. mai kl. 11.00

Ikornnes kyrkje

Laurdag 3. mai kl. 13.15

Laurdag 10. mai kl. 13.15

Søndag 11. mai kl. 11.00

Påmelding

Påmelding skjer via heimesida vår www.sykkylven.kyrkja.no

Under fana «Påmeldingar» ligg det eitt elektronisk skjema. Fyll ut!

Last gjerne opp eitt bilde av konfirmanten, det gjer det lettare for oss å verte kjent.

All generell informasjon gjennom året vil bli liggande på nettsida til kyrkja under fana «Konfirmasjon». Det blir gitt beskjed på sms når det vert lagt ut nytt innhald.

Det er viktig å legge inn både konfirmanten og føresette sitt telefonnummer i påmeldinga. Legg ein kun inn føresette sin kontakt informasjon (epost og telefonnummer), er det berre føresette som får meldingar frå oss.

Ved problem med påmelding, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Vi opnar for påmelding onsdag 26. juni kl. 18.00.

Det er begrensa tal konfirmantar ved kvar gudsteneste. Sykkylven 22. stk, Ikornnes 8. stk. Dette for at alle skal få sitte, sjå og høyre godt. Når ei gudsteneste er fullteikna, vil ikkje den lenger være synleg på påmeldingssida til kyrkja.

Ved spørsmål ber vi om at de ringer kyrkjekontoret på tlf. 7024 6900, måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00.

Sykkylven 11. juni 2024

Helsing

Jonas Richter Fjeld
Sokneprest i Sykkylven sokn
Tlf. 971 60 997

Kathrin Notanes Riksheim
Kyrkjelydspedagog
Tlf. 932 55 873



Konfirmasjon i Sykkylven

Kven kan vere med?

Konfirmasjonen er ei oppfølging av dåpen. Konfirmasjonstida vil gi opplæring i kva det vil seie å vere, og leve som ein kristen. Sjølv om konfirmasjonen er ei oppfølging av dåpen, så er også den som ikkje er døypt velkommen til å vere med. Så kjenner du nokon som vurderer å konfirmere seg, men ikkje har fått brev frå oss. Den som ønsker å fullføre konfirmasjonen må vere døypt, men du treng ikkje ta stilling til evt. dåp før mot slutten av konfirmantåret. Ta gjerne kontakt dersom du lurer på noko.

Deltaking

Vi ønsker at alle skal få best mogleg utbytte av konfirmanttida, og vi håper derfor at de tek del i opplegget med ei positiv innstilling.

Undervisning

Undervisning vert gitt på leir, ved samlingar i kyrkjekjellaren Sykkylven (truleg onsdagar rett etter skuletid), konf. laurdagar, søndag etter gudsteneste og i smågrupper/husgrupper heime hjå personar i kyrkjelyden. Nærmare informasjon kjem til hausten.

Hjelp frå føresette

Vi vil trenge hjelp frå føresette i løpet av konfirmanttida for å få dette til. Det vert sett opp oppgåver knytta til konfirmantleir, fasteaksjonen, sal av loddbøker i forkant av Kyrkjemessa og evt. undervisningskveldar, sosiale aktivitetar etc. Informasjon vert sendt ut for kvar aktivitet når aktuelt.

Om du ikkje har anledning til å ta vakta di, så bytt innbyrdes og gi beskjed til kyrkjekontoret om evt. bytte.

Personlege opplysningar

Alle personlege opplysningar er underlagt teieplikt, som t.d. medisinbruk, lese- og skrivevanskar, familieforhold eller andre forhold vi bør kjenne til. Vi ønsker at konfirmanttida skal vere best mogleg for den enkelte, og det er lettare for oss å legge til rette dersom vi får informasjon.

Loddbøker til Kyrkjemessa

Loddbøker vert delt ut ved møtet 28. august. Dei som evt. ikkje er der kan hente den på kyrkjekontoret. Konfirmantane skal selje dei til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet i bygda. Sidan konfirmantopplegget er ein del av dette arbeidet, så er det naturleg at konfirmantane deltek på dugnaden.

Utgifter

Pris for konfirmantopplegget er kr 1820,- Faktura vert tilsendt etter påmelding. Dette er blant anna med på å dekke lønsutgifter, utgifter til leir, mat, undervisningsmateriell og vask av kapper. Vi ønsker ikkje at nokon skal la vere å konfirmere seg grunna vanskar med økonomien. Viss dette er eit problem, så ta kontakt med oss slik at vi saman kan finne ei løysing.